


RAPPORT

Lom stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Ombygging- og restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	6
Utvendig arbeid	6
Tjærebreiing	6
Restaureringa av kyrkjegardsportalen	6
Kyrkjekunsten	7
Samandrag	8
Litteratur og kjelder	9
Fotnotar	9

Lom stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Takryttar: Kyrkja med dragehovud og fialar. Foto: Dagfinn Rasmussen, Riksantikvarens arkiv.

Lom stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Lom stavkyrkje er ei av dei største stavkyrkjene i Noreg. Etter fleire endringar under 1600-talet har kyrkja til stor grad vore uendra sidan. I dag står kyrkja med avtrappa takflater og sponklede midtromsveggar, krossarmar og sakristi i grovt bindingsverk, apsis med kjegleforma tak, og ein takryttar med steil tårnhjelm. Kyrkja er tjærebreidd, har store vindauge med raude karmar og

dragehovud på gavlane. Frå Lom stavkyrkje har vi eit av dei få bevara dragehovuda frå mellomalderen, det stod på gavlen i aust på skipet fram til 1950-åra då det vart erstatta av ein kopi.

BYGNINGSHISTORIE

Lom stavkyrkje har bygningselement frå ulike byggeperiodar. Den yngste av prøvene utan barkkant er datert til 1158, så ein av stavane er felt vinteren 1157/1158. Det noverande koret er truleg bygd eit stykke inn på 1200-talet. Stilhistorisk kan korportalen plasserast i same periode som skipet, som kan tyde på at kyrkja og har hatt eit tidligare kor.

Skip, kor og apsis er delar frå mellomalderen og har den karakteristiske oppbygginga med to tak over kvarandre. Det øvre saltaket er over det høge midtrommet, medan dei nedre pulttaka dekkjer omgangen som omgjev midtrommet på alle fire sider. I mellomalderen var kyrkja omkransa av ein svalgang, med eit tredje lågare tak. Den øvre delen av skipets hovudrom var under mellomalderen vorte utstyrt med tener og andreakrossar. Dei fungerer både som forsterking av kyrkja og framhevar midtrommet i skipet som kyrkja sitt hovudrom. På 1600-talet gjekk kyrkja gjennom store endringar, mellom anna vart det, grunna plassmangel bygd om til



Røteskade: Mykje røteskade i spona på taket til kyrkjegardsmuren. Foto: Are Flaten, Riksantikvarens arkiv.

krosskyrkje. I 1634 vart skipet utvida mot vest med eit tømra tilbygg, i tillegg til takryttar med spir. I 1663 vart det bygd til tverrskip i nord og sør, eit arbeid som vart leia av kyrkjebyggjar Werner Olsen. Sakristiet på koret si nordside vart og bygd om av Olsen, innreidd med skriftestol omgjeven av ein kneleskranke. Skipet fekk flatt loft i 1663, medan koret hadde fått flatt loft tidlegare, utstyrt med takmåleri i 1608. I samband med utvidinga på 1600-talet vart svalgangane rive slik at det kunne setjast inn større vindauge enn de små gluggane oppe ved taket.

OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

På 1600-talet vart dei siste store endringane gjennomført, som gav kyrkja den utsjånad ho har i dag. I 1933 vart det utført reparasjonar og fjerning av skipet si himling, samt avdekking av dekorasjon i koret. Også i 1973 vart det

Taket: Kyrkjegardsmuren etter istandsetting. Foto: Are Flaten, Riksantikvarens arkiv.



gjennomført reparasjonar og arkeologisk utgravingar under golva, leia av Håkon Christie, samt at golv og himlingar vart isolert. Seinare på 1990-talet vart det installert brannsikringsanlegg og kyrkja vart tjærebreidd.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Det vart gjennomført synfaring av kyrkja 08.11.2006.¹ I 2007 vart ein tilstandsrapport over status ved kyrkja utført.

Undersøkingar av kyrkja viste at fleire forhold ved kyrkje hadde behov for utbetring. Det vart påvist tjære i takrenner, noko som hadde leidd til at samtlege takrenner var tette og nokre var røteskadd. Takrennene frå skip og tverrskip mot nordaust hadde nedløp mot eit innvendig hjørne der terrenget er lågare enn terrenget omkring. Det vart registrert fukt og byrjande røteskader i nedste del av veggene og i botnsvillar. Nokre spon mangla, eller var sprukke, på takflatene

Kilrenne mellom sideskipet og sakristiet hadde om lag 5 cm opning mot veggen
Alle veggjar og takflater trengde tjærebehandling, med unntak frå nordsida på spiret
Enkelte takbord på porten var røteskadd. Kyrkjegardportalen sine 25 år gamle kreosotimpregnerte botnstokkar og stolpar var røteskadde og store delar av muren sitt spontak, samt underliggande konstruksjon, var røteskadd.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

UTVENDIG ARBEID

På vestskipet sin gavlvegg vart nokre bord i inngangssval tekne av for å undersøke ei mogleg vasslekkasje eller røteskade. Panelborda var særslitne av vêt og vind, men det hadde ikkje leidd til noko skade på konstruksjonen. Fukt trengjer til tider inn, men det tørkar raskt opp. Det vart tetta til på innsida og fuglereir og anna skrot som hadde samla seg mellom borda vart fjerna. Tilstanden vart vurdert til å halde ei stund til og eventuelle tiltak vart utsett til eit seinare høve.

Takrenna som går gjennom sakristiet vart reparert og øvrige takrenner vart utbetra. Nedløp i nordaust mellom skip og tverrskip vart flytta frå indre til ytre hjørne. Vassbrettet på tverrskipet sin vegg i nordaust vart festa og reinska for tjære, i tillegg vart fleire synkekummar for takvatn utbetra.



Dragehovud: Tjærebreidd på nytt. Foto: Are Flaten, Riksantikvarens arkiv.

Det innvendige arbeidet vart gjennomført i samsvar med tilstandsrapporten.

TJÆREBREIING

På kyrkja vart det nytta ca. 400kg milebrent tjære, og på muren, ca. 245kg. For å få betre heft vart overflatene børsta og blese reine for forvittra og krystallisert tjære. Takspen på sydsida av kyrkja og enkelte novendar på svillane trengde ytterligare lag med tjære for å oppnå ynskja tjærelag.

Enkelte takspen, 50-70 stykk, vart skift.²

RESTAURERING AV KYRKJEGARDSPORTALEN

I portalen mot nord vart dei røteskadde grunnstokkane som var felt inn i bakken fjerna, og i tillegg vart røteskadde takbord på tårnet til portalen skift.



Kyrkjerommet: Interiøret i kyrkja med våpenskjold på begge sider av alteret. Foto: NIKU, Riksantikvarens arkiv.

KYRKJEGARDSMUREN

Kistemuren med spon på taket har særst flat takvinkel. Dette fører til at lauv vert liggande på muren og vatn ikkje renn av. Trekonstruksjonen på muren var difor utsett for røteangrep. Tre av stukkane nedst mot steinmuren vart skifta i tillegg til fleire sperrer. Med unntak av små områder med tidlegare reparasjonar vart samtlige røteskadde underliggarar, samt spon, skift.³

KYRKJEKUNSTEN

Sommaren 2007 gjennomførte NIKU for ei tilstandsregistrering av inventaret i Lom stavkyrkje.⁴ Formålet var å registrere

tilstanden på veggfast og flyttbart inventar og kunst, og vurdere kva tiltak som var naudsynte for å sikre dette materialet for framtidig bruk i kyrkja. Med bakgrunn i denne registreringa utførte NIKU i 2009 eit forprosjekt for utprøving av behandlingsmetodar for konservering og restaurering av altertavla, korskiljet og to våpenskjold. Seinare, det same året, vart arbeidet med altertavla sitt corpus og korskiljet gjennomført i kyrkja, medan arbeidet med alterbildet og to våpenskjold vart gjennomført på NIKU sine

konserveringsatelier i perioden august – desember 2009. For detaljert beskriving av arbeidet som vart utført kan ein lese NIKU sin rapport frå arbeida.⁵





Stavkyrkjeprogrammet: Kyrkja etter tjærebreiving. Foto: Are Flaten, Riksantikvarens arkiv.

SAMANDRAG

Lom stavkyrkje er datert til omkring 1160 og er ei av dei største stavkyrkjene i landet. Skipet i kyrkja har frittstående stavar rundt eit heva midtrom, med omgang på alle fire sider. I tillegg har stavkyrkja eit smalare kor som også har heva midtrom. På 1600-talet gjekk kyrkjebygget gjennom store endringar. I 1634 vart kyrkja utvida vestover med eit lafta tilbygg med galleri. I 1664 var det naudsynt med enno meir plass, så det vart bygd tverrskip av reisverk på begge langsidene av kyrkja og sakristi på nordsida av koret. Gjennom stavkyrkjeprogrammet er

kyrkjegardsportalen restaurert, samt at kyrkjegardsmuren er sett i stand med ny spontekking. Det vart òg skifta spon på kyrkja, i tillegg til at takrenner med nedløp vart utbetra og kyrkja vart tjæra. I 2009 vart det gjennomført eit større konserveringsarbeid på kyrkjekunsten i Lom stavkyrkje. Arbeidet med altertavla sitt korpus og korskiljet vart gjennomført i kyrkja, medan alterbiletet to våpenskjold vart tekne ut av kyrkja og restaurert i konserveringatelier.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

Christie, Håkon, *Fortidsminneforeningens Årbok 1978*, s. 101-112.

RAPPORTAR

Espelund, Edvin. *Merknader, Lom stavkirke, 10.01.11, 2011*.

Flaten, Are. *Rapport tjærebreiing av Lom stavkirke og mur, 2010*.

Flaten, Are. *Restaurering av kirkemur, Lom stavkirke 2008-2009, 2009*.

Solstad, Jørgen. NIKU *Oppdragsrapport 52/2011, Behandlingsrapport for altertavle, korskille og Våpenskjold, 2011*

Moen, Ina Borgen. *Stavkirkeprogrammet Befaringsrapport, Lom Stavkirke, 08.11.2006*.

Stein, Mille. *Befaringsrapport datert 9.7.2007 fra A 124 Lom stavkirke, Lom kommune, Oppland, 2007*.

Ryen, Ulf. *Tilstandsrapport Lom stavkirke, 20.09.2007, 2007*

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Synfaringsrapport 08.11.2006.

² Flaten, Are. *Rapport tjærebreiing av Lom stavkirke og mur, 2010*.

³ Flaten, Are. *Restaurering av kirkemur, Lom stavkirke 2008-2009, 2009*.

⁴ Stein, Mille. *Befaringsrapport datert 9.7.2007 fra A 124 Lom stavkirke, Lom kommune, Oppland, 2007*.

⁵ Solstad, Jørgen. NIKU *Oppdragsrapport 52/2011, Behandlingsrapport for altertavle, korskille og Våpenskjold, 2011*

